



Noregs vassdrags- og energidirektorat

Deres ref. 201502028-3	Deres kontaktperson Anette Ødegård	Vår ref. 001/06-2015	Vår kontaktperson Arnor Gullanger/Lars Ågren	Dato 30.06.2015
---------------------------	---------------------------------------	-------------------------	---	--------------------

Høyringsuttale frå Norsk Ornitologisk Forening, avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane - 132 kV kraftledning Dalsbotnfjellet vindkraftverk-Frøyset transformatorstasjon

Bakgrunn

Zephyr søker om ein 19 km lang luftledning frå Dalsbotnfjellet vindkraftverk og sørover til Frøyset transformatorstasjon. Leiningen vil i hovudsak gå langs dalsidene eller gjennom skogsområde. Kryssinga av Austgulfjorden er planlagt med luftspenn.

1. Feltundersøking og metodeskildring

På NVE sine nettsider finn vi ikkje noko meir om ornitologiske undersøkingar enn det som er skildra i sjølve konsesjonssøknaden for linjetraseen. Vi går difor ut frå at det ikkje føreligg meir detaljerte fagrapportar som omhandlar fugl.

NVE skriv i bakgrunn for vedtak til konsesjon til Dalsbotnfjellet vindkraftverk datert 30.09.2013: *”Det er også beskrevet to alternative nettilknytninger, 2a og 2b, som er aktuelle dersom kun Dalsbotnfjellet får konsesjon (se figur 1, side 5). NVE konstaterer at disse alternativene ikke er omsøkt, men virkningene er kortfattet utredet for temaene landskap, kulturminner, biologisk mangfold, inngrepsfrie naturområder og landbruk. Dersom det blir aktuelt å gi konsesjon til Dalsbotnfjellet alene vil NVE kreve ytterligere utredninger, blant annet knyttet til naturmangfold. NVE konstaterer at noen høringsinstanser er kritiske til alternativ 2b av hensyn til naturmangfoldet og inngrepsfrie naturområder.”*

Vidare om det no omsøkte linjealternativet (2b) – *”Basert på foreliggende kunnskaper er konflikten med biologisk mangfold lav, men dersom alternativet blir aktuelt må det foretas feltundersøkelser i vekstsesongen”*.

Vi har slite med å finne fram til om det finst detaljerte retningslinjer frå offentlege etatar om korleis ornitologiske undersøkingar bør utførast i praksis. Det næraste vi har kome er denne *Lars Størset, Sweco Norge AS : Miljøvirkninger av vannkraft- forslag til undersøkelses-metodikk , NVE 2009*

Om fugl står det blant anna: *”Kartleggings- og registreringsmetodikk - På samme måte som for*



Norsk Ornitologisk Forening

Avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane

Foreningen for fuglevern

pattedyr benyttes DN-håndbok 11 (revidert 2000) som grunnlag. Det er viktig å undersøke fuglefaunaen i trekkperiodene på høst og vår og samtidig observere hekkende fugl i sangperioden i mai og juni” - ”For å få et godt grunnlag over viktige trekk-, hekke- og leveområder er det viktigste å ha tid til å observere fugl i lengre perioder i kjerneperiodene på våren og høsten.”

Sjølv om den nemnde rapporten er laga i høve vasskraftutbygging er det som er skildra av undersøkingsmetodikk vel stort sett like relevant for ornitologiske feltundersøkingar generelt. Når det gjeld å få optimalt utbytte av observasjonar i songperioden om våren siterer vi frå ei anna ornitologisk feltundersøking : ”*Takseringene foretas når sangaktiviteten er høyest normalt mellom 04.00 og 09.00 om morgenen.*” (Sitatet er henta frå: Mjeldstad, H. & Håland, A. 1987. Konesjonsavgjørende ornitologiske undersøkelser i Kløvtveitvassdraget, Hordaland og Sogn & Fjordane fylker, 1986)

NOF ønskjer å vise til at det ligg føre *Retningslinjer for ornitologiske feltmedarbeidere* (Det KGL. Norske videnskabers selskab, museet, utgitt av Universitet i Trondheim, 1978). Retningslinene kan være et godt utgangspunkt for NVE for utarbeiding av nye retningslinjer for kartlegging av fuglefaunaen.

På orienteringsmøte om linjeutbygginga halde på Sløvåg 10 juni 2015 vart representant for Ecofact spurd om kva metodar som hadde vore nytta i høve undersøking av fugleliv. Han kunne då ikkje vise til noko spesiell metodebruk berre at ”det var foretatt befarings av området”. Å rusle gjennom området ein midtsommarsdag er vel ganske langt frå å observere fugl i lengre tid i kjerneperiodane på våren og hausten. Med dagens GPS-teknikk skulle det i det minste vere ei smal sak å lage eit plott som viser korleis ein har dekkja undersøkingsområdet.

NOF er stiller seg tvilande til at synfaringa som vart gjort kvalifiserer til og kan kallast ei reell feltundersøking i høve fuglelivet.

2. Raudlista fugleartar i omsøkt område

I norsk raudliste 2010 vert det peikt på ulike påverknadsfaktorar for bestandsnedgang av fugl. Sitat side 424: «*Tekniske inngrep som vannstandsregulering, kraftlinjer, vindmøller, veibygging, barmarkskjøring, samt hyttebygging og fritidsaktiviteter kan være negativt for enkelte arter.*» Denne formuleringa er nært knytt til omsøkt område. Fuglene nemt nedover kan verte negativt påverka av anleggsarbeid og kraftlina.

Storlom (NT): Er i konsekvensrapport nemnd som hekkefugl på nordsida av Austgulfjorden i området like sør for det eventuelle Dalsbotn vindkraftverk. Den tidlegare kjende hekkeplassen i Kløvtveitvatnet på sørsida er som nemnd øydelagt av vasskraftutbygging. Storlom har likevel vorte observert på næringssøk i vatnet etter utbygginga. Like sør for Kløvtveitvatnet ligg Transdalsvatnet som skulle ha eigna hekkeplassar for storlom. Folk som oppheld seg på stølane/hyttene ved Transdalsvatnet opplyser at dei ser lom på vatnet gjennom heile sommaren, men det er uvisst kva art. Transdalsvatnet er no eit svært fiskerikt vatn truleg på veg mot å bli overbefolka. Sjølv om det no er uvisst om storlom hekkar i fjellvatna like sør for Austgulfjorden brukar den framleis vatna



Norsk Ornitologisk Forening
Avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane
Foreningen for fuglevern

som næringskjelde og vil vere utsett for kollisjonsfare med ei eventuell kraftline. Det burde også vore undersøkt om den no kan ha etablert seg med hekking i Transdalsvatnet.

Strandsnipe (NT): Den er vel den vanlegaste vadefuglen i området. Vi vurderte den i det aktuelle området til stort sett å ha fylt opp si økologiske nisje og ha ein sunn og god bestand. For ein art som nasjonalt er vurdert som nær truga bør ein etterstreve å ta vare på dei bestandane som er sunne.

Storspove (NT): Denne arten blir i konsekvensutgreiinga så vidt nemnd i ei oppramsing av ikkje raudlista vadefuglar som konsekvensutgreiarane ikkje har sett. Vi vil poengtere at denne arten er klassifisert som nær truga. Vidare vil vi opplyse at arten jamt over vert sett årleg i om rådet Sleire – Myrdalen. Seinast høyrte 22.06.2015 (Magne Sleire medd.). Observasjonar på denne tida klassifiserer for å rekne den som hekkefugl.

Fiskemåse (NT): Vert oppgjeven til ikkje å vere registrert som hekkefugl i nærleiken av traseen. Vi vil opplyse om at på ein holme i Sleirsvatnet er det ein større fiskmåsekoloni (mellom dei største i Hordaland) med opptil 70 par og ein ungeproduksjon på opptil 100 ungar i dei beste åra (opplysingar frå Magne Sleire.) Den hekkar også årleg i Austgulfjorden. Det er ein mindre koloni ved Hantveitholmen. 6-8 ikkje flygedyktige ungar vart sett på eit skjær sommaren 2014 og det var truleg også ungar på sjølve holmen. Det hekkar truleg også tidvis enkelte par langs stranda innover langs fjorden då det ikkje er uvanleg med aggressiv måse dersom ein går tur langs fylkesvegen. Det har også hendt at fiskemåse har hekka på taket av bygningar ved Oppdalsøyra. Det førekjem også hekking av enkeltpar i vatn på fjellet. Dei siste åra har det hekka eit par ved Alvedalstjørna ca 1km frå den aktuelle linjetraseen.

Vipe (NT): Er nemnd som no truleg forsvunnen hekkefugl frå Kjellbju. Det er likevel berre nokre få år sidan det sist var hekking og lokaliteten er intakt. Det bør derfor vere av stor verdi å ta vare på intakte biotopar for ein art som har vist så stor nedgang i bestanden som vipa har gjort dei seinaste åra. Nokre par med vipe hekkar framleis årleg på Sleire.

Hubro (EN): Det er nemnd observasjonar av hubro i høve utgreiing av Dalsbotn Vindkraftverk og også i tidlegare ornitologisk rapport i høve utbygging av Kløvtveit kraftverk. Det er dermed gjort observasjonar i området mellom Sognefjorden og Austgulfjorden og også i fjellområdet sør for Austgulfjorden. På same måte som for sjølve vindkraftverket er vi her svært uroa over utbygging i eit område der ein har manglande kunnskap om hubrobestanden. Vi viser også til at ornitologisk rapport om Kløvtveitutbygginga vurderer hubro som sannsynleg hekkefugl.

Hønsehauk (NT): Det er gjort fleire observasjonar av arten nær den sørlege delen av linjetraseen. I dette området er det også eigna hekkebiotopar (Magne Sleire medd). Også frå Austgulfjorden er det observasjonar som tyder på at arten brukar område. Våren 2015 vart ein måse teken av det som mest truleg var ein hønsehauk på innmarka på Hantveit. (Ivar Hantveit medelt) Rovfuglen angreip lågt langs bakken i skjul bak eit naust. Fuglen vart skildra som mørkare på ryggen og lys under.

Jaktfalk (NT): Ornitologisk rapport vedr. Kløvtveitutbygging viser til to juni-observasjonar



(mogleg hekking). I seinare år er det gjort ein observasjon i aug. 2008 i nærleiken av linjetraseen.

Stare (NT): Er ikkje nemnd i konsekvensutgreiinga. Var tidlegare ein svært vanleg hekkefugl. Er no nesten fråverande kring Austgulfjorden med berre sporadisk hekking.

Bergirisk (NT): Er ikkje kjent registrert i området men bør vel sjåast på som mogeleg hekkefugl.

3. Ikkje raudlista fugleartar

3.1 Rovfuglar og ugler

Kongeørn (Bonnkonvensjonen Liste II): Som skildra i konsekvensanalyse kjem linetraseen i konflikt med to hekketerritorium for kongeørn. Det eine territoriet vil uansett verte sterkt påverka av sjølve vindkraftverket. Det andre territoriet vil i størst grad verte påverka av det no omsøkte linealternativet. Inngrepa i dei to kongeørnterritoria er eit av dei viktigaste ankepunktta vi har mot den planlagde kraftlina.

Havørn (Totalfredet 1968): Den er vel den arten saman med svaner som vil ha størst fare å kollidere med fjordspennet, men vil også vere utsett på resten av linjetraseen då den brukar heile området til næringsøk.

Andre rovfuglar: Utover det som er nemnd i konsekvensutgreiinga har vi vorte kjend med at vandrefalk dei siste par åra jamleg har jakta på måse som hekkar på ein holme i Sleirsvatnet (Magne Sleire pers. medd). Vi ser på vandrefalk som ein mogeleg hekkefugl i influensområdet til den aktuelle kraftlinja og ein art som vil kunne verte negativt påverka av denne.

Ugler: Kattugle er ein vanleg art i området. Elles er det ein observasjon av haukugle i Alvedalen nær linjetraseen. Det er gjort eit funn av leivningane etter ei jordugle på Øksefjellet litt aust for linjetraseen. (Dei to siste ligg inne på Artsobservasjonar med fotodokumentasjon)

3.2 Vadefuglar: Av artane som er nemnd i utgreiinga kan vi opplyse at i alle tilfelle heilo har ein ikkje stor, men svært stabil hekkebestand i nærområdet til linja. Alle dei andre nemnde artane har blitt sett i hekketida og det er vel helst berre observasjon til rett tid som manglar for å konstatere hekking.

3.3 Svane/Gjess

Svane: I seinare år er det i vinterhalvåret sett songsvaner på trekk på langs Austgulfjorden og også opp dalføret frå Oppdalsøyra. Det har jamleg vorte observert songsvaner i Austgulvatnet dei seinaste vintrane. Ved utveksling av opplysingar mellom Arnor Gullanger og Magne Sleire kom det fram at når det var svaner i Austgulvatnet var dei svanene som brukte å vere i Sleirsvatnet borte. Det var også samsvar mellom tal vaksne/ungar. Dette viser at songsvaner med jamne mellomrom vil krysse fjordspennet i Austgulfjorden og også over linjetraseen i Myrdalen. Elles er også knoppsvaner vorte vanlegare å sjå i Gulen dei siste åra og det vart observert hekking ved Rutledal i



Norsk Ornitologisk Forening
Avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane
Foreningen for fuglevern

2015.

Gjess: Det kan nemnast at det også hausten 2014 vart sett gåseflokkar passere på sørgående trekk nær linjetraseen. Ein av desse kom inn i dalane i lav høgde over fjella og såg ut til å kunne gå inn for landing ved Frøyset/Ynnesdalsvassdraget. Det er elles ein fast hekkebestand av grågås ved Sleirsvatnet og Frøysetvågen.



Foto 1: Songsvaner på Austgulvatnet i april 2015

Foto: Arnor Gullanger



Songsvaneobservasjonar : 1. Næringssøk(fleire obs.) 2,3,4 Trekkjande songsvaner. Kvar pil = ulike observasjonar



3.4 Hønsefuglar

Orrfugl er mest truleg den vanlegaste hønsefuglen i det eventuelle inngrepsområdet. *Storfugl* finst sparsamt i skogane nær den sørlege delen av linjetraseen. For begge desse artane er det ikkje avklara om den aktuelle kraftlinja vil kome i konflikt med spellassar.

Lirype finst i ein fast bestand som for det meste varierer frå middels og nedover, men kan slå til med einskilde gode år. Det vart t.d. sett ein flokk på minst 50 fuglar seinhaustes seint på 90-talet.

3.5 Lommar

Storlom er omtala også ovanfor. Også smålom brukar fjellområda på begge sider av Austgulfjorden. Hekking av smålom(1986) i Transdalsvatnet er omtala i Ornitologisk rapport vedr. Kløvtveitutbygging. Lom har framleis årvisst tilhald på Transvatnet store delar av sumarhalvåret. 20.06.2015 var eit ikkje artsbestemt lommepar sett symjande rundt på vatnet før dei gjekk i land på ein liten holme.(Magnus Waage pers. medd)

3.6 Andre fugleartar m.m

Vi saknar eit forsøk på å gje ei mest mogeleg fullstendig oversikt over det biologiske mangfaldet i området. Når det gjeld fuglefauna meiner vi det burde vore laga ei mest mogeleg komplett artsliste over alle artar som finst i det området som vert råka. Vil her ta fram som eit eksempel : ”Mjeldstad, H. & Håland, A. 1987. Konesjonsavgjørende ornitologiske undersøkelser i Kløvtveitvassdraget, Hordaland og Sogn & Fjordane fylker, 1986”. Den ovanfor nemnde rapporten har den faglege tyngde og grundigheit som vi etterspør. Det er slik vi meiner ei skikkeleg ornitologisk feltundersøking bør gjerast!

Samandrag fugl

- **Feltundersøking og metodeskildring** . Ut frå vårt syn er både kvantitet og metodeskildring i høve feltundersøking i knappaste laget.
- **Raudlista fugleartar**. Behov for utfyllande kommentarar og opplysingar om raudlista fugleartar. Manglande kunnskap om hubro.
- **Fuglar som ikkje er raudlista**. Området har eit stort artsmangfald og er eit viktig område for mange vanlege fuglearter.
- **Rovfuglar og ugler**. Kjem i konflikt med to hekketerritorium for kongeørn. Kollisjonsfare også for havørn og andre rovfuglar og ugler
- **Vadefuglar**. Kommentarar og utfyllande opplysingar om ikkje raudlista vadefuglar.
- **Svaner/ Gjess**. Spesielt songsvaner på lokale næringstrekk i vinterhalvåret vil kunne kome i konflikt med store delar av linjestrekket.
- **Hønsefuglar**. Kollisjonsfare. Manglande kunnskap om spellassar
- **Lommar**. Kollisjonsfare. Forstyrningar under anleggsperioden kan medføre tap av hekkeplass
- **Andre fugleartar**. Manglande generell registrering av fugleartar i det råka området.



4. Yndesdalsvassdraget

Yndesdalsvassdraget ligger i Gulen kommune i Sogn og Fjordane. Vassdraget ble i 1985 vernet mot kraftutbygging gjennom verneplan III for vassdrag. Deler av planlagt kraftlinje, 7,5 km, er planlagt gjennom verneområdet. I 1983 ble fuglefaunaen i Yndesdalsvassdraget kartlagt gjennom prosjekt 10-årsverna vassdrag. I innledningen står det *"Under prosjektets arbeid ble det registrert 79 fuglearter, som trolig hekker innen vassdragets nedslagsfelt. Dette utgjør ca. 57 % av de potensielt forekommende arter på Vestlandet"* Det er liten grunn til å tro at artsmangfoldet har endret seg vesentlig fram til i dag. På bakgrunn av artsmangfoldet ber vi om at det blir gjennomført nye metodiske undersøkingar.

5. Konklusjon

Det er åpenbart at kraftlina vil gå gjennom område med et stort artsmangfold og raudlista artar. Eit inngrep vil kunne påvirke fuglebestand og hekkesuksess negativt. Ved eventuell konsesjon må dette takast omsyn til for å avgrense skadevirknadane.

Det viktigaste ankepunktet mot denne kraftlinja ut frå eit ornitologisk synspunkt er kollisjonsfaren og den negative innverknad dette kan få for ulike fugleartar. Her vil vi særleg trekkje fram at to kongeørnterritorium vert råka av utbygginga og at ein har for liten kunnskap om hubrobstanden i området.

Utanom desse vil havørn, andre større rovfugl, lommar og svaner vere særleg utsette. Det er også kjent at kraftlinjer tek livet av titusenvis av hønsefugl årleg. For orrfugl og storfugl vil vi også påpeike mogleg innverknad på spelplassar. Vi synes også at det som er gjennomført av feltundersøking som vedkjem fuglefauna er mangelfull.

Vi stiller spørsmål om det er brukt nok tid i felten, og også om tidspunkt. Vi saknar også gjennomføring etter standardiserte metodar, og skildring av metodebruk. Det er manglande kunnskap om mange artar i det aktuelle området og det som vart utført av arbeid i høve konsekvensanalyse var ikkje eigna til å rette på dette.

Med bakgrunn i naturmangfoldlova §8 synes kunnskapsgrunnlaget å vere mangelfullt knytt til utbreiinga av fugl i omsøkt område. Norsk ornitologisk forening avdeling Sogn og Fjordane og Hordaland ber om at det blir gjort ytterligere ornitologiske undersøkelser før ei avgjerd vert teken jf. nml §9 (føre-var-prinsippet).



Norsk Ornitologisk Forening
Avdeling Hordaland og Sogn og Fjordane
Foreningen for fuglevern

Med vennlig hilsen

Lars Ågren
Leder
Norsk Ornitologisk Forening, avd Hordaland

Torbjørn Hasund
Leder
Norsk Ornitologisk Forening, avd Sogn og Fjordane

Kildehenvisning: /

5:Muntlege kjelder : der ikkje anna er nemnd stammar opplysingane frå Arnor Gullanger, Magne Sleire, Magnus Waage, Ivar Hantveit

Litteratur: *Lars Størset, Sweco Norge AS : Miljøvirkninger av vannkraft- forslag til undersøkelsesmetodikk , NVE 2009.*

Retningslinjer for ornitologiske feltmedarbeidere, (Det KGL. Norske videnskabers selskab, museet, utgitt av Universitet i Trondheim, 1978)

Mjeldstad, H. & Håland, A. 1987. Konesjonsavgjørende ornitologiske undersøkelser i Kløvtveitvassdraget, Hordaland og Sogn & Fjordane fylker, 1986

Norsk rødliste for arter 2010, Artsdatabanken